

# Veteranlaget Wichmann Wärtsilä

## KULTURELT UTVIKLINGSPROGRAM

Framdriftsrapport pr 08.01.2017

Vår ref.: Jan Willy Folgerø-Holm

Prosjektnavn: **Norsk Veteranmotor Kunnskapssenter**

Tildelt beløp: kr 400 000,-

### 1. Kva er utført i perioden.

Sidan førre rapport 01.11.2015 har det vore jamn aktivitet i prosjektet.

- Vidare arbeid med hovudmotoren til Folgefonn II (Hardanger Fartøyvernssenter)
- Vitjing og orientering av fleire skuleklassar, ungdomsskule og vidaregåande skule, mellom anna fleire klassar frå skuleskipet «Gann».
- Planlegging av motorpassarkurs for «veteranmotormaskinistar» i mars 2017
- Komplettering av innreiing i arkivdelen av prosjektet
- Vidareføring av kartlegging og grovsortering av arkivmateriale. Dette arbeidet er i samarbeid med Hordaland Fylkesarkiv.
- Planlegging av Arkiveringskurs for eigne og utanforståande interesserte mars/ april 2017.
- Oppretting av forvaltningsavtale med Wärtsilä Norway vedrørende framvisning og ivaretaking av Wichmannsmia.
- Innleia samtalar med Sunnhordland Museum om bistand ved deira formidling av industrihistorie.
- Deltaking med foredrag om motorpass på helgeseminar i regi av Norsk Forening for Fartøyvern.
- Overtaking av ein stor Wichmann oppfyringsmotor (50 HK) frå Vest Norges Fiskerimuseum
- Etablert samarbeid om råd og rettleiing med fartøyverneinteresser i Odda vedrørende MS «Lindenes» og MS «Eitrheim».
- Samarbeid med Stiftinga «Hamen» om diverse arbeid i samband med restaurering av lastefartøyet «Hamen».
- Det er også utarbeidd nokre enkle faldarar som gjere greie for aktiviteten i laget. (sjå bilde)

### 2. Status i høve målsetting:

I søknaden var fylgjande framdriftsplan lagt til grunn:

Frå medio 2014:	Eablering og tilrettelegging.
Frå hausten 2014 og utover:	Prosjektstart.
2015:	Prosjektdrift.
2016:	Konsolidering og overgang til kontinuerlig drift.
2017- 2018:	Vidareføring av drifta.

Ved utgangen av 2016/inngangen til 2017 er framdrifta om lag som planlagt. Det er aukande interesse for prosjektet, og medlemstalet i laget er no 88 personar. Over ein tredjepart av disse møter på samlingane annankvar onsdag, og på fordraga er det rundt 50 frammøtte. Ei arbeider aktivt for å auka kvinneandelen i laget, og i dei gruppene som no går ut i pensjon er det ein stor del kvinner som vert gjenstand for rekruttering.

Ein planlegg også å utvida praksissamlingane til kvar onsdag, noko som vil gjera aktivitetane meir fleksible. I «auditoriet» vårt som har plass til 55-60 personar er det installert høgtalaranlegg og teleslynge.

### 3. Eventuelle avvik i høve prosjektplan / budsjett:

Som rapportert tidlegare har prosjektet heilt frå starten i 2014 gått om lag etter planen. Noko omdefinering av aktivitetar har vore naudsynte, men ligg likevel innanfor rammene til prosjektet. Økonomien har vore tilfredsstillande, takka være den aktiviteten vi er blitt tilført gjennom dei ulike verneprosjekta.

Den lokale sponsormarknaden er framleis anstrengt, men ein ser lyspunkt på litt lenger sikt. Også «løyvingar» frå søkbare offentlege og halvoffentlege midlar har vor mindre enn det me håpa på.

Ser ein på økonomien i høve til det budsjettet som var presentert 10.12.2014 er det berre mindre avvik.

### 4. Andre merknadar.

Diverre har det heller ikkje i 2016 lukkast å få hospitantar frå vidaregåande skule. Dette skuldast fastlåste undervisningsplanar som vanskeleg let seg tilpassa regelmessig aktivitet utafør skulen. Ein arbeider likevel med skuleleiinga for å få ei ordning i 2017. Dette kan visa seg å vera mogeleg sidan me aukar samlingsfrekvensen til kvar onsdag.

### 5. Prosjektavslutning.

Prosjektet går no inn i sluttfasen sett i høve til dei aktivitetane som vart lagde fram i søknaden, og ein reknar med å levera sluttrapport og eit revisorstadfesta prosjektrekneskap innan utgangen av februar 2017.

Rubbestadneset 08.01.2017

Veteranlaget Wichmann-Wärtsilä

*Jan Willy Folgerø-Holm*  
Jan Willy Folgerø-Holm  
lejar.



Bilde viser ulike faldarar ein ha laga .